



SIVILOMBUDET STORTINGETS OMBUD FOR KONTROLL MED FORVALTNINGEN
Postboks 3 Sentrum
0101 OSLO

Vår referanse
19/10877 23/19155

Din referanse

Sakshandsamar
Jarl Martin Møller

Dato
15.09.2023

Eget tiltak - Renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommuner **Svar frå Volda kommune**

«Viser til brev frå Sivilombudet dat. 06.09.2023, der det vert peika på at styret i eit interkommunalt selskap ikkje kan vere klageorgan for vedtak som selskapet sin administrasjon har gjort.

Til første spørsmål: nei, kommunane har ikkje grunnlag for å ha ei særordning for klagehandsaminga i vårt renovasjonsselskap som strir mot rettspraksis.

Til andre spørsmål: ja, kommunane vil syte for å endre §11 i den gjeldande lokale renovasjonsforskrifta, slik at den vert i samsvar med Forvaltingslova §28.

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS er i gang med å førebu ein større revisjon av den noverande renovasjonsforskrifta. I denne revisjonen er det naturleg også å endre reglane for klagehandsaminga.

Revisjonsarbeidet vil starte i 2024, men det er usikkert om ein rekk å fullføre arbeidet så raskt at forskrifta kan gjerast gjeldande frå 01.01.2025. Selskapet har hatt ei ordning med eit eige klageorgan tidlegare, men denne vart teken bort i samband med ei forskriftsendring i 2018.

Selskapet vil legge fram ei sak for representantskapet 31.10.2023, der ein avklarar om dette klageorganet skal innførast på nytt og evt korleis.»

Med helsing

Jarl Martin Møller
kommunalsjef

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

www.volda.kommune.no
postmottak@volda.kommune.no

Sentralbord: 70 05 87 00
Org. nr: 939 760 946
Kontonr: 3991.07.81727